

## Referat etter SU- møte Hordabø skule 14.01.2015

*Desse møtte:*

*Esben Helland, FAU-leiar*

*Mette Marøy, FAU – kom ikkje*

*Jannicke Blommedal Bauge, lærar*

*Maria Marøy, SFO-leiar*

*Anders Kvalheim, elev*

*Ulrikke Haugland, elev*

*Anne-Berit Bø Palmesen, politisk representant*

*Hanne-Mari Engen, rektor*

Me gjekk gjennom samarbeidsutvalet (SU) sitt mandat. Me såg og på kommunal rettleiar frå kommunalsjef Jo Tømmerbakke, om kva som er SU si rolle.

Jannicke Blommedal Bauge vart vald som leiar i SU, Esben A. Helland vart vald som nestleiar og rektor vart skrivar.

Rektor informerte om at skulen no har kjøpt inn smarttavler til alle klasserom, sett bort frå eitt av klasseromma. Neste veke skal dei tre nyaste tavlene monterast.

FAU-leiar meiner elevane bør få meir erfaring med It`s learning her på skulen.

FAU informerte om planane om at FAU skal få sett opp dissa dei har pengar til. Teknisk avdeling har vore på ny befaring og funne ut at me heller bør setta stativet borte ved Tarzanstativa. Då må først det utbrukte stativet fjernast. Skulen skal ta ansvar for å freista å selja det. Teknisk sjef lovde å ta ansvar for å fjerna stativet. Teknisk avdeling har og godkjent plasseringa. Så snart vaktmeisteren har tid skal han få fjerna det unyttta stativet, seier han. Fallgrus/sand vert billigast som underlag.

Me må hugsa å informera om mailadressa til FAU på alle vekeplanane.

Referent Hanne-Mari Engen, rektor

